



Leikanger kommune
Rådmannen

KOMM. OG REG. DEP	
14 FEB 2005	
0412771-203	
Ark	113
Avd.	RA 1SSA 1 HAg

Kommunenes Sentralforbund

Postboks 321
6801 FØRDE

Vår sakshandsamar:
Odd Arve Rakstad

Innvalsnummer:
57 65 56 02

Dykkar ref.:

V04/00/730/OAR
026//&13


Dato: 01.05

NOU 2004:19 LIVSKRAFTIGE DISTRIKTER OG REGIONER - FRÅSEGN

Vedlagt uttale frå Leikanger kommune til Distriktskommisjonen sin instilling samt KS "Sterke regioner".

Uttalen frå Leikanger kommune er forfatta av gruppeleiarane frå dei politiske partia etter mynde frå kommunestyret i møte 18 januar d.å.

Med helsing


Odd Arve Rakstad
Rådmann

Fråsegn frå Leikanger kommune

1. Innstillinga frå Distriktskommisjonen viser at det er mogleg med ein meir offensiv distrikts- og regionalpolitikk, og at Noreg har eit større handlingsrom i distriktpolitikken som gjer det mogeleg å løyse ut det verdiskapingspotensialet som finst i alle deler av landet.
2. Leikanger kommune sluttar seg til dei mål og strategiar som ein samla Distriktskommisjon står bak. Regionalpolitikken må vere tilpassa føresetnadane og behova i den enkelte region. Ein målretta distriktpolitikk må kome i tillegg til regionalpolitikken. Dei ulike sektorane må sjåast meir i samheng enn i dag. Det må fastsetjast distrikts- og regionalpolitiske målsetjingar med tilhøyrande resultatkrav. Midlar må tilførast for å nå desse målsetjingane.
3. Lokalisering av statlege, regionale og kommunale arbeidsplassar bør brukast aktivt for å tilføre lokalsamfunn og regionar nye utviklingsressursar i form av arbeidsplassar, fagmiljø og kompetanse.
4. Leikanger kommune støttar Distriktskommisjonen si samla tilråding i høve kapitaltilgang i distrikta.
5. Det lokale sjølvstyre må grunnlovsfestast.
6. Alle kommunar bør framleis vere generalistkommunar, men kan spesialisere seg gjennom samarbeid og oppgåveløysing.
7. Kommunestyret støttar fleirtalstilrådingane i pkt 7.4.5 og vil spesielt streke under kravet om å få balanse i kommuneøkonomien og forhandlingsrett mellom kommunane og staten i høve nye oppgåver. Inntektssystemet til kommunane må ta utgangspunkt i at distriktskommunar skal kompensere for ekstra kostnader i høve demografi og avstand.
8. Oppgåvedelinga mellom staten, fylkeskommunane og kommunane må vurderast med tanke på folkestyre og desentralisering. Dei oppgåvene som kan leggjast lokalt bør desentraliserast. Det er ein føresetnad at mynde og midlar må følgje oppgåvene, slik at regionar og kommunar vert i stand til å ivareta sitt ansvar. Kommunane må få tilført midlar slik at dei kan vere ein aktiv lokal utviklingsaktør.
9. Leikanger kommune vil streka under at nærleiksprinsippet- at offentlege avgjerder vert teke så nær dei det vedkjem som mogeleg- bør leggjast til grunn.
10. Dei oppgåvene og verkemidla som er avgjerande for den regionale utviklinga må ligge på regionalt nivå.
11. Sogn og Fjordane fylke bør halde fram som eige fylke. Uavhengig av oppgåvedelinga mellom dei tre forvaltningsnivåa må oppgåvedelinga mellom den regionale stat og fylkeskommunen samordnast. Tanken bak "Einskapsfylket" bør gjennomførast og setjast i verk.